



MANGER IDRETTSLAG  
Postboks 76  
5931 MANGER

## **Tilsegn om momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg – MANGER IDRETTSLAG – Grønålen - bocciabane – anleggsnummer: 64564**

Lotteri- og stiftelsestilsynet viser til søknaden om kompensasjon for kostnader til meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg.

Vi har vurdert saka og gjort vedtak om å innvilge søknaden.

### **1. Bakgrunn**

Stortinget har i statsbudsjettet for 2019 løyvd til saman 288 millionar kroner til ordninga. Dersom dette ikkje er nok til at alle kan få full kompensasjon, vil den prosentvise avkortinga vere lik for alle godkjende søknader.

MANGER IDRETTSLAG søkte 27. desember 2018 om kompensasjon for kostnader til meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg. De søkte om å få kompensert 63 167 kroner i meirverdiavgiftskostnader i samband med bygginga av Grønålen - bocciabane med anleggsnummer 64564.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er no ferdige med å handsame søknaden dykkar.

### **2. Regelverk og vurdering**

Vi har handsama søknaden i tråd med "Bestemmelser om kompensasjon av merverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg - 2019", som vart fastsett av Kulturdepartementet 10. desember 2018.



### 3. Vedtak

På bakgrunn av dette har Lotteri- og stiftelsestilsynet gjort følgende vedtak:

**Søknaden om kompensasjon for meirverdiavgiftskostnader ved bygging av idrettsanlegg blir innvilget.**

Organisasjonen blir med dette tildelt 63 167 kroner i kompensasjon.

Beløpet vil bli utbetalt til kontonummer 3636 07 01470 innan to veker.

### 4. Klagerett

De kan klage på vedtaket. Send i så fall klagen til Lotteri- og stiftelsestilsynet innan tre veker etter mottak av dette brevet, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

### 5. Kontroll og sanksjonar

Den som har søkt om eller motteke kompensasjon, må ved førespurnad frå kontrollmyndigheitene, medrekna Riksrevisjonen, gje innsyn i underlagsdokumentasjon for kravet om kompensasjon.

Søkjjar/mottakar skal også gje kontrollmyndigheitene nødvendig bistand til innsyn, jf. punkt 12 i føresegnene.

Kva for sanksjonar som kan setjast i verk ved brot på regelverket i føresegnene, går fram av punkt 13 i føresegnene.

### 6. Meir informasjon

De finn føresegnene og meir informasjon om ordninga på nettstadane våre: [www.momskompensasjon.no](http://www.momskompensasjon.no) og [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no).

Med helsing

Marianne Alværen Torset  
seniorrådgjevar

Bjarne Hellem  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt uten signatur.*

Vedlegg:

" Bestemmelser om kompensasjon av merverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg - 2019"

Kopi til:

- Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER
- Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
- Kulturdepartementet